

# Kveldskonsert med damekor og

# engelske kjempekrefter

Av STEIN SIEM

Eitt ord er nok: Vakkert, utruleg vakkert.

Eit kyrkjerom, to engelske artistar og eit norsk kor. Ei kveldsstund ein søndagskveld. Sinnet er opent og ein set seg ned for å lytte og nyte. Kveldstunda i Holm kyrkje søndag kveld vil sitte i kroppen i dagar framover.

Åndalsnes damekor må ha oss unnskyldt. Dei måtte komme i skuggen denne gongen. I skuggen av to engelskmenn med ei slik utstråling av varme og musikkutøvelse at vi må langt, svært langt for å finne maken. John Hudson og Tim Rish-ton i vakkert samspel med kornett, piano og orgel... – og med ord. Ord på av John endå på engelsk, men med lovnad om at det skulle bli norsk neste gong, og Tim på sitt svært så sjarmende og

lune engelsk-romsdalske.

Og høgdepunkta kom på rekke og rad. Det aller største i journalistens øyre nesten med ein gong gjennom «Swedish hymn» av Peter Graham. Allereie då opna klokkereine tonar frå orgel og kornett det som var av kjensler i kroppen og sendte frysningar gjennom ryggen. Det var berre å late att augene i ei høgtidstund.

Det beste samspelet artistane i mellom opplevde vi likevel på kornett og piano. Ikkje berre den musikalske kontakten, men kroppspråket, smilet og artisteriet skapte ein tilleggsdimensjon vi mista i avstanden opp til kyrkjeorgelet i andre etasje.

Vi har to store internasjonale artistar buande i Rauma. Utruleg at dei begge har busett seg akkurat her.

– Ja, vi kjem kanskje i skuggen, men vi er lykkelege og inspirerte over å få ve-

re med på konsert saman med desse to store kapasitetane, sa leiaren i Åndalsnes damekor, Inger Lise Reiten rett etter konserten. Og ho hadde ingen grunn til å skjemmast. Åndalsnes damekor har knapt nokon gong vore betre enn dei er i dag.

Ei avrunding med eit samspel mellom kor, orgel og kornett. Konserten var slutt, men folk ville nesten ikkje gå heim.

*Vakkert samspel mellom to store engelske artistar; John Hudson (til venstre) og Tim Rish-ton i Holm kyrkje søndag kveld.*

